Seljord kommune

Arkiv: 15
Saksnr.: 2019/1283-11
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 05.11.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		14.11.2019
Formannskap/økonomiutval		21.11.2019
Kommunestyret		12.12.2019

Søknad frå Seljord frivilligsentral - auka driftsstøtte frå 2021

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Søknad om auka tilskot/økonomisk garanti frå 2021 - Økonomiplan 2020 - 2023

Saksutgreiing:

Regjeringa har lagt fram eit forslag om at finansieringa til frivilligsentralane skal leggast om. I dag får kva sentral 414 284 kr dersom ein har ein fast stilling. Ved ny ordning skal tilskotet reknas ut frå ein sats på 35 kroner pr innbyggjar, noko som betyr at Seljord vil få overført 35 kr x 2900 innbyjarar som er 101 500 kr.

Seljord frivilligsentral får frå Seljord kommune eit årleg tilskot på 553 000 kor statens andel er på 403 000 kr og Seljord kommunes bidrag er på 150 000 kr. Frå 2021 søkar dei om å få kompensert tapet med bortfall frå staten med ein auke på 150 000 kr. Seljord kommunes bidrag vil då årleg vera omlag 300 000 kr.

I Noreg er det omlag 463 frivilligsentralar fordelt på 353 kommunar. Endringa i finansieringa vil påverke heile grunnkonseptet for korleis frivilligsentralane er drifta og sprett rundt om i landet. Frivilligsentralanes føremål er blant anna å:

- Bidra til å utvikling av frivilligsentralane som ein viktig velferds- og samfunnsaktør
- Sikre mogligheiter for kompetanseutvikling for alle som er involvera i frivilligsentralane
- Utvikle samarbeid med aktuelle offentlige instansar, og med frivillige organisasjonar og samanslutningar. Friviligheita skal vera eit tillegg til offentleg sektor , ikkje ein erstatning

Frivilligsentralane bidreg til å gjere samfunnet meir inkluderande, gjennom å gje eit lavterskeltilbod for alle. Gjennom sitt arbeide bidreg dei til eit meir inkluderande og involverande samfunn. Seljord som ein rekkje andre småkommunar slit med å få budsjetta til å gå i hop. Når staten foreslår å legge om tilskotsordninga slik dei her gjer, aukar presset på kommunane for å finne ein løysing.

Søknadane er sett i samanheng med handsaming av budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023. Rådmannen ser verdien av å ha ein frivilligsentral, men ser inga økonomisk mogligheit til å stø ein søknad på å auka tilskotet med 150 000 kr til eit samla årleg bidrag på 300 000 kr slik den økonomiske står til kommunen er per dag dato. Ein endring på dette må i ha ein politisk prioritering og budsjettmessig inndekning.

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune stør ikkje søknaden frå Seljord frivilligsentral om auka driftsmiddlar frå 2021, grunna i Seljord kommunes økonomiske situasjon.

Utskrift til: